


A young man with blonde hair and a brown t-shirt is sitting on the left, looking down at a spiral notebook on a stone table. A young woman with blonde hair tied back, wearing a black sweater and a gold necklace, is sitting on the right, smiling and looking at the notebook. She is holding a silver pen. The background is a blurred outdoor setting with green grass and a wooden bench.

Strategi 2025-2029



NLA
Høgskolen

Innhold

Bakgrunn

Samfunnsoppdrag

Verdiar og motto

Institusjonsprofil

Nosituasjon

Samfunnsutvikling

Ein høgskule i sterk utvikling

Strategiske satsingsområde

- 1 Leiande og synlege miljø for forskning og utvikling
- 2 Studium med institusjonelt særpreg
- 3 Ein nasjonal samfunnsaktør
- 4 Eit motiverande og stimularende studie- og arbeidsmiljø

Målbilete – NLA 2029

Realisering og oppfølging



Strategi 2025-2029

Bakgrunn

NLA Høgskolen blei til ved to samanslåingar i 2010 og 2013 av fire tidlegare høgskular som dreiv verksemda ut frå same føremål, og som fagleg omfattar fleire disiplinar og profesjonar:

- Høgskolen i Staffeldts gate i Oslo (grunnlagd som bibelskule i 1916)
- Norsk Lærerakademi (NLA) i Bergen (grunnlagt i 1968)
- Mediehøgskolen Gimlekollen i Kristiansand (grunnlagd i 1981)
- NLA Lærerhøgskolen i Bergen (grunnlagd i 1995)

NLA Høgskolen forvaltar arven frå desse høgskulane og har utvikla seg til ein fagleg og geografisk breiddeinstitusjon med eit variert studietilbod, rundt 3000 studentar og omkring 320 tilsette.

Samfunnsoppdrag

Føremålet til NLA Høgskolen er å fremje danning og dyktiggjere menneske til teneste i heim, arbeid og fritid, og å bidra kritisk og konstruktivt til å møte lokale, nasjonale og globale utfordringar ut frå ei kristen forståing av natur, menneske, kultur og samfunn. Trua på at alle menneske er skapte i Guds bilete med ein uendeleg verdi, er grunnlaget som motiverer til nestekjærleik og samfunnsansvar. Kjerneaktiviteten til høgskulen er å tilby utdanning og utføre forskning, formidling og utviklingsarbeid prega av kvalitet og etisk medvit på dette faglege og verdimeessige grunnlaget, innanfor dei rammene som er fastsette i eller med heimel i lov.

Verdiar og motto

Alle menneske har ein særeigen verdi. Dette forpliktar oss til å utvikle utdanningar og yrkespraksis som kjem nesten vår til gode. Vi blir utfordra til å vere gode førebilete og til å fremje alt som er sant og godt, basert på verdiar som forplikting, trufastheit, respekt, tilgjeving og tillit. Det kristne forvaltaransvaret inneber eit kall til å ta samfunnsansvar på alle plan – frå forvaltninga av ressursane på jorda til omsorga for oppveksten og livsvilkåra til barn. Med dette som grunnlag tilbyr NLA Høgskolen studium som er kjenneteikna av danning og kvalifisering til teneste, under mottoet «fordi nokon treng deg».

Institusjonsprofil

NLA Høgskolen er eit tydeleg alternativ i universitets- og høgskulesektoren, kjenneteikna av

- eit samfunnsoppdrag fundert på eit kristent verdigrunnlag
- danning til ansvarleg teneste i heim, arbeid og fritid
- eit breitt og samfunnsrelevant utdanningstilbod i eit aktivt forskingsmiljø
- internasjonal orientering og studiestader i fleire sentrale landsdelar
- eit attraktivt studie- og arbeidsmiljø med tett oppfølging av studentane

Nosituasjon

Samfunnsutvikling

Samfunnsutviklinga legg viktige rammer for verksemda og strategien til NLA Høgskolen. Desse utviklingstrekk er særleg relevante:

- eit ideologisk klima prega av verdipluralisme, sanningsrelativisme og polarisering, men også større openheit for kristen tru og religiøsitet generelt
- digitalisering, kunstig intelligens og vekst i nettstudium, som utfordrar både kunnskapssyn og tradisjonelle undervisnings- og læringsformer, samtidigsom fysisk nærvær er avgjerande for eit levande student- og arbeidsmiljø
- politiske signal om berekraftig regional utvikling som styrkjer behovet for eit breitt utdanningstilbod i alle landsdelar
- demografiske endringar i form av mindre årskull, som aukar konkurransen om studentane, samtidig som mange unge står utanfor utdanning og arbeidsliv, behovet for etter- og vidareutdanning aukar og fleksible utdanningsløp blir utvikla
- ein UH-sektor der fleire høgskular har universitetsambisjonar

En høgskule i sterk utvikling

Ved inngangen til strategiperioden er NLA Høgskolen i sterk utvikling, både fagleg og geografisk:

- FoU-produksjonen har auka, forskingskompetansen er styrkt, og søknad om ph.d.-program og etablering av forskarutdanning er send til NOKUT.
- Studenttalet nådde eit rekordnivå hausten 2024. Samtidig er utviklinga samansett, med nedgang i lærarutdanningane, vekst i økonomifaga og aukande interesse for attraktive nettstudium og fleksible studietilbod.
- Studiestadene er i endring: I 2024 flytta lærarutdanningane i Bergen til Kalfaret i sentrum, campusen på Gimlekollen i Kristiansand blei utvida, og eit studiesenter for praktisk teologi opna i Trondheim. I 2025 startar totalrenoveringa av campus Staffeldtsgate i Oslo, samtidig som eit nytt økonomistudietilbod blir etablert i Stavanger.
- NLA har eit godt arbeids- og studiemiljø. Samtidig viser Studiebarometeret at studentane brukar mindre tid på studia enn gjennomsnittet i sektoren.

Strategiske satsingsområder

1 Leiande og synlege miljø for forskning og utvikling

NLA skal utvikle miljø innanfor forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid som utmerkjer seg nasjonalt og internasjonalt og får tilslag på eksterne midlar. Eit ph.d.-program med institusjonelt særpreg skal etablerast på eit berekraftig fagleg og økonomisk grunnlag, og bidra til universitetsstatus på sikt.

- Eit ph.d.-program skal etablerast med institusjonelt særpreg og tilfredsstillande gjennomstrøyming.
- Tilslaget på eksternt finansierte prosjekt skal aukast gjennom styrkte støttefunksjonar som tilbyr søknadskompetanse, oversikt over aktuelle utlysingar og utvikling av forprosjekt.
- Klare forventningar om forskargruppetilknytning og samarbeid om felles prosjekt som er relevante for profilen og ph.d.-satsinga til NLA Høgskolen, skal gjere forskargruppene til årestader for prosjektsøknader.
- Ordningar som stimulerer til auka produksjon og synlegheit av fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid, skal vidareutviklast.
- Bibliotek og FoU-administrasjon skal styrkjast som støttefunksjonar for forskning og utviklingsarbeid, og ein eigen tiltaksplan skal vidareutvikle biblioteket som forskingsbibliotek.
- Forskingsproduksjonen målt i publiseringspoeng skal liggje over gjennomsnittet for norske høgskular, med minst 20 prosent av publiseringane på nivå 2 over tid, og med auka omfang av internasjonal medforfattarskap.
- Kunstnarleg utviklingsarbeid skal vere på nivå med leiande fagmiljø ved saman liknbare institusjonar.
- Prosentdelen toppkompetanse skal vere minst 15 prosent, og summen av topp- og førstekompetanse minst 60 prosent, målt i vitenskaplege årsverk.

2 Studium med institusjonelt særpreg

For å oppfylle samfunnsoppdraget i konkurranse med andre UH-institusjonar skal NLA tilby studium som både er attraktive og kjenneteikna av institusjonelt særpreg. Veksten i nettstudium og digital kommunikasjon krev nytenking om korleis ein kan sikre og vidareutvikle nærleiken mellom studentar og tilsette – eit kjenneteikn ved NLA.

- Den faglege breidda i den eksisterande studieporteføljen skal haldast oppe. Ein ny emnestruktur med fleire engelskspråklege emne og fellesemne på tvers av studium skal vurderast.
- Kva føremålsføresegna til NLA har å seie, skal vurderast for alle avdelingar med tilhøyrande utdannings- og forskingsfelt, og særpreget i ulike aktivitetar skal gjerast tydelegare.
- Danning, internasjonalisering, arbeidslivsrelevans, etikk og samfunnsansvar skal vurderast i planlegginga og skildringa av alle studium.
- NLA skal styrkje rolla si som ein attraktiv utviklar og tilbydar av fleksible og nettbaserte studium.
- Resultatindikatorar for utvikling og synleggjering av særpreget til NLA skal utformast og takast i bruk.

3 Ein nasjonal samfunnsaktør

NLA Høgskolen skal styrkje posisjonen sin som eit attraktivt utdanningsalternativ i fleire landsdelar, og ta steget opp som ein nasjonal aktør gjennom etablering av nye studiestader. Utoverretta formidling skal styrkjast for å synleggjere NLA som ein nasjonal institusjon med regional forankring.

- Ein heilskapleg kommunikasjonsstrategi for omdømmebygging og formidling skal gjere høgskolen til ei sterkare verdi- og kunnskapsbasert stemme i akademien og samfunnsdebatten.
- Det skal arbeidast målretta for å skape gode relasjonar til potensielle studentar og tilsette, media og andre samfunnsaktørar som er relevante for føremålet til høgskolen.
- NLA skal bli ein initiativrik samfunnsaktør som aktivt søker samarbeid med kommunar og bedrifter, frivillige organisasjonar og kunst- og kulturinstitusjonar.

4 Eit motiverande og stimulerande studie- og arbeidsmiljø

NLA Høgskolen skal vere ein motiverande og stimulerande organisasjon der studentar og tilsette opplever fagleg meistring og får utvikle seg gjennom samarbeid, medverknad, tillitsbasert leiding og moderne infrastruktur. Studie- og arbeidsmiljøet skal leggje til rette for fagleg og personleg vekst, bidra til rekruttering av studentar og tilsette, og tiltrekkje seg nasjonale og internasjonale samarbeidspartnarar.

- Studentvelferd og samarbeid med studentdemokratiet skal vidareutviklast, og medverknaden frå studentane i alle ledd av kvalitetsarbeidet skal styrkjast.
- Studiestøttande tiltak som fremjar gjennomstrøyming skal setjast i verk, og auka bruk av obligatoriske element skal vurderast.
- Undervisningskvaliteten skal hevast gjennom pedagogisk utviklingsarbeid med vekt på studentaktive læringsformer, digitale verktøy, undervisningsforskning og systematisk erfaringsdeling.
- Prosentdelen studentar som har NLA som førsteval, skal aukast gjennom satsing på nye målgrupper, tettare samarbeid med eigarorganisasjonar og aktiv bruk av utanlandsopphald i rekrutteringsarbeidet.
- Andakts- og samtaletenesta på campusane skal styrkjast, slik at studentar og tilsette blir inviterte til eit miljø som fremjar danning, byggjer kristen tru og gjev rom for opne samtalar.
- Grunnverdiane til NLA skal prege leiingspraksis, utviklingsprosessar, samarbeidsformer, personalpolitikk og arenaer for medverknad.
- Intern kommunikasjon skal flyte betre, ansvarsfordeling mellom avdelingane skal avklarast, og kompetanseheving blant administrativt tilsette skal stimulerast for å sikre profesjonalitet i møte med nye krav.
- Alle avdelingar ved høgskulen skal utforske bruk av kunstig intelligens i administrative eller vitenskaplege funksjonar for å vinne kunnskap, forbetre resultat og redusere kostnader.
- Fleire partnerskap med utanlandske institusjonar skal etablerast for å styrkje særpreget til NLA, auke student- og tilsettmobilitet og fremje samarbeid innan for utdanning, forskning og utviklingsarbeid.

Målbilete - NLA 2029

- NLA Høgskolen er ein nasjonal aktør med tydeleg kristen verdiprofil, regional forankring og omfattande internasjonalt samarbeid
- NLA Høgskolen driv grunnforskning, anvend forskning og fagleg og kunstnarleg utviklingsarbeid på stabilt høgt nivå og har opplevd stor vekst i tilslag på eksternt finansierte prosjekt
- Eit ph.d.-program med institusjonelt særpreg og tilfredsstillande gjennomstrøyming er etablert, og høgskulen førebur steget mot universitetsstatus.
- NLA Høgskolen har eit variert og fleksibelt studietilbod med høg kvalitet og institusjonelt særpreg.
- Studie- og arbeidsmiljøet er attraktivt, med funksjonelle lokale og moderne digital infrastruktur som tiltrekkjer seg motiverte studentar og høgt kvalifiserte tilsette.
- NLA Høgskolen utdannar ansvarsmedvitne og kompetente studentar som er attraktive i arbeidsmarknaden og godt rusta til å møte utfordringane i samfunnet – lokalt, nasjonalt og globalt.
- Organisasjonen er velfungerande på alle nivå, med høg fagleg og administrativ kompetanse, som sikrar arbeid av høg kvalitet.

Realisering og oppfølging

- Ambisjonane og måla i strategien blir konkretiserte i handlingsplanar som blir evaluerte årleg.





NLA
Høgskolen

NLA Bergen
Kalfarveien 31
5018 Bergen

Amalie Skrams vei 3
5036 Bergen

NLA Oslo
Pilestredet Park 33
0176 Oslo

NLA Stavanger
Tjensvollveien 44
4021 Stavanger

NLA Kristiansand
Bergtoras vei 120
633 Kristiansand

NLA Trondheim
Prinsens gate 22b
7012 Trondheim